

## Saksprotokoll i kontrollutvalet - 18.11.2019

### Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte laga eit forslag til prosjektplan, som bl.a. inneheld korleis analyse- og planarbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering. Prosjektplanen skal omfatta:
  - a. Korleis risiko- og vesentlegvurdering av Vestland fylkeskommune si verksemd og verksemda i fylkeskommunen sine selskap skal gjennomførast.
  - b. Forslag til korleis arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggest fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i 2020 og vert å sende sekretariatet innan 29.01.2020.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessen blir lagt opp slik at det er ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon kan leggest fram for fylkestinget i juni 2020, men seinast i fylkestinget i september 2020.